



## Notat

Dato: 08.12.2014  
Arkivsak: 2014/558-107  
Saksbehandlar: arnasan

---

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

Frå: Arne Åsan

---

### **Førespurnad angåande tilgang til Nesttun tannklinikk - fra rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Eg viser til notat datert 19.11.2014. Saka er drøfta og vurdert av både fylkestannlegen og av eigedomsseksjonen i Hordaland fylkeskommune.

Både fylkestannlegen og eigedomsseksjonen er samde om at Nesttun tannklinikk ikkje er godt nok tilrettelagt med omsyn til universell utforming med nåverande løysing.

Ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland skal vedtas av fylkestinget i mars 2015. I utkast til klinikkstrukturplan er det foreslått at Nesttun tannklinikk og Fana tannklinikk skal samlokalisera i ein ny tannklinikk. Det er såleis naturlig at det ikkje blir gjort tiltak på Nesttun tannklinikk før klinikkstrukturplanen er vedteken av fylkestinget i mars 2015.

Det må også nemnast at leigeavtalen for Nesttun tannklinikk skal reforhandlast innan 2016. Det vil vera naturleg at aktuelle tiltak for universell tilrettelegging på Nesttun tannklinikk – inklusiv kostnader – blir vurdert opp mot fylkestinget sitt vedtak om framtidig klinikkstrukturplan, samt mot resultatet av reforhandling av leigeavtalen.

Inntil vidare må ev pasientar som ikkje får tilgang til Nesttun tannklinikk bli henvist til Sørås tannklinikk.